



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18256 - 21/23761

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
09.04.2021

Vedtak til klagevurdering - gbnr 318/31 Sagstad øvre

Tiltak: carport
Byggjestad: Gbnr: 318/31
Tiltakshavar: Edvin Otto Fønnes
Ansvarleg søkjar: Edvin Otto Fønnes

Saka gjeld søknad om carport i form av tilbygg til garasjen. Tiltaket krev dispensasjon frå planføremål og frå byggjegrense mot privat veg.

Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjon den 09.04.21, der følgjande vedtak vart fatta:

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå planføremål – henteplass for søppel- og frå byggjegrense mot privat felles veg for oppføring av carport som tilbygg til garasje.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-4 vert det gjeve løyve i eit trinn for oppføring av carport på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 14.09.2020 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.

Før tiltaket skal takast i bruk skal det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av carport i form av tilbygg til garasje på gbnr 318/81 med bygd areal (BYA) ca. 18 m². Arealet inngår i eit felles veg/parkeringsareal og søppelplass for feltet, det er difor krevjande å finne utnyttingsgrad, og gjeldande reguleringsplan har heller ikkje syna til ei utnyttingsgrad for dette området. Carport skal ligge på gbnr 318/31- felles grunn etter samtykkje frå naboar.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.11.20 og supplert 08.04.21.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Tua plan-id 125620060007 er definert som samferdsel og teknisk infrastruktur, henteplass for søppel. Carport kjem i konflikt med henteplass for søppel S og med regulert byggjegrænse mot felles privat veg, då den ligg ca. 0 meter frå veg.



Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå planføremål – henteplass for søppel- og frå byggjegrænse mot privat felles veg.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post larissa.dahl@alver.kommune.no

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til oppføring av carport - gbnr 318/31 Sagstad øvre

Vedlegg:

Situasjonskart

Teikning

Vedlegg til søknad - gbnr 318/31

Søknad om løyve til bygging av carport - gbnr 318/31 Sagstad øvre

Forklarende tilleggsopplysningar

Nabovarsel

Samtykkeerklæring

Kopi til:

Edvin Otto Fonnes

Sagstadvegen 117

5919

FREKHAUG

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER